

ÅRSMELDING: FOTBALLGRUPPA 2024

KVITESEID IDRETTSLAG



KIL fotball fekk kr. 1.000.000,- av Sparebanken Sør til grasbanen i 2024.

Fotballgruppa i 2024:

Kristi Marie Tveit

Gunnhild Moen

Rønnaug Flatin

Inge Håvard Jore

Håkon Haugo

Tarjei Haugo

Jan Carsten Eikland

Arne Aamot

Trude Nordbø

2024 har vore eit travelt og innhaldsrikt år i KIL Fotball.

I år vil me spesielt takke Sparebanken Sør for 1 million kroner til grasbanen.



**Vi har fått støtte fra
Sparebankstiftelsen DNB!**

**SPAREBANKSTIFTELSEN
DNB**

sparebankstiftelsen.no

Me kan ikkje takke **nok** alle dei engasjera, flinke trenarane og lagleiarane som stiller opp på treningar og kampar, samt foreldre og andre vaksne som er med for å få alt til å fungere.

15-åringane Marius og Vemund har tatt på seg trenarjobben

Då 12-årslaget i Kviteiseid stod utan trenar, stilte Marius Riis (15) og Vemund Aamot (15) opp.

Edvard Nordskog Nes,
Andreas Nordskog Haugstøl
og Tone Tveit
redaksjon@vtb.no

KVITSEID

– Me blei spurt og syntest det høyrdest spennande ut, seier dei to 10.-klassingane.

15-åringane har vore trenarar for G12 i to veker. VTB var onsdag innom på trening i Kviteiseidhallen. Laget har to trenarar i veka. I tillegg til å trene laget, må Marius og Vemund legge til rette for treningane og delta på diverse møte. Dei har også ansvar for å nominere spelarar frå laget dei trenar til sonelaget for Øvre Telemark.

Marius og Vemund har i alle år spela aktivt for Kviteiseid IL. Nå er det ikkje noko lag for deira aldersgruppe, derfor passa det bra å kunne vera trenarar for yngre spelarar.

Dei held seg også aktive på treningar saman med old boys-laget i Kviteiseid.

– Det kan hende eg kjem til å spele att når eg byrjar på vidaregåande skule, seier Vemund.

– Eg er usikker på om det blir tid til fotball til hausten, følgjer Marius opp.

Vemund vurderer å gå på vidaregåande i Be, medan Marius tenker å gå på yrkesfag på Dalen.

Unge førebilete

Rønnaug Flatin frå fotballgruppa til Kviteiseid idrettslag fortel at 107 barn og unge har meldt seg på til årets sesong i Kviteiseid.

– Me vil truleg ha med åtte lag i årets serie, med gute- og jentelag for 8, 10 og 12 år, og gutar 14 og jenter 15.

– Kva tenker du om at ungdom som Marius og Vemund stiller opp som trenarar?

– Det er veldig bra at dei ville vere trenarar slik at me får litt rekruttering, og eg trur også det er veldig fint for gutane på laget å ha nokre unge førebilete som har spela fotball sjølv, seier Flatin.

FAKTA

JOBBSKUGGE

■ 9.-klassingane Edvard Nordskog Nes og Andreas Nordskog Haugstøl har denne veka hatt jobbskuggedagar i Vest-Telemark blad. Dei går til dagleg på Øraker skule i Oslo.



UNGE TRENARAR: Marius Riis (15) (t.v.) og Vemund Aamot (15) er trenarar for Kviteiseid G12.

ALLE FOTO: TONE TVEIT



FYLGER MED: Denne sesongen er det ikkje G16-lag i Kviteiseid. Derfor er Vemund Aamot og Marius Riis glade for å kunne bidra på trenarsida i klubben.



KVITSEID G12: Framme frå venstre: William Hjertås Major, Magnus Moen, Marius Riis (trenar), Vemund Aamot (trenar), Alfred Jore og Øystein Byggland. Andre rekke frå venstre: Trym Heggveit Steinbakk, Kent-William Jamtveit, Andreas Brekke Bonde og Bjørnar Kleivstaul. Bak: Abraham Lindheim, Aslak Lie Lundeberg, Endre Haugerud Gulliksen, Even Elklund, Maksymilian Maksymiak og Abdelslam Yehya Shamia var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Den digitale påmeldinga til fotballen fungerer veldig bra.

VIL DU SPELE FOTBALL I KVITeseID IL?
HUGS AT DU MÅ MELDE DEG PÅ KVART ÅR
INNAN 1. DESEMBER
FOR Å VERE SIKRA Plass PÅ LAGET!
INFO OG PÅMELDING HER: ↘



www.ikviteseid.no

Året gjennom

Året starta med innetreningar i Kviteseidhallen.

Fotballgruppa har i februar oppstartsmøte med trenarar og lagleiarar, samt eit evalueringsmøte på hausten for å få tilbakemeldingar på korleis fotballåret har vore, kva er bra og kva slags forbetringar me alle kan gjera til neste års fotballsesong. I tillegg er det utarbeida ein fotballperm som blir revidera kvart år, men diverse innhald som er nyttig å ha i fotballkvardagen. (oversikter trenarar/spelarar, fotballforsikring, kontakt med kretsen, Fiks, politiattestar, nyttige linkar, sportsplan, oppgåver til lagleiar, dommarar til kampar, Spond etc.)

Bilde frå oppstartmøte



Bilde frå haustmøte med lagleiarar og trenarar



VÅRDUGNAD



Vårdugnaden i regi av fotballgruppa er ein kveld der ein får gjort mykje på nokre timar. Oppgåvene er å slå/rydde gras, rake, slådde løpebane, vaske, rydde, sjekke nett etc. både på kunstgrasbanen og ved stadion.

Bilda talar for seg sjølv, over det som blei gjort den kvelden på kunstgrasbanen.











Bilde frå dugnad på klubbhuset og grasbanen.






KLUBBDOMMARKURS

Klubbdommarkurs med instruktør frå Telemark Fotballkrets.

Alle får klubbdommarvest, fløyte og kursbevis for gjennomført kurs.

Fotballgruppas medlemmer er organisatorar for kursdagen med planlegging og gjennomføring.



KUNSTGRASBANEN

Nytt ledjos på banen fungerer veldig bra, dette var eit samarbeidsprosjekt med fylke og Kviteseid kommune. KIL dekte 2/3 av totalkostandene ved investeringa. I år har fotballgruppa reforhandla vedlikehaldsavtale med kommunen på banen og fått til endra årleg sum og indeksregulering på avtala.



I løpet av sesongen er det stadig ting som må gjerast og vedlikehaldast på kunstgrasbanen. Dette blir gjort av fotballgruppas medlemmar.

Stadionreklame på banen, bidreg til vedlikehald og drift på banen. Me har også i år fått inn nye bedrifter som sponsorar.

Arbeidet som blir gjort på banen av slåddemannskapet og fotballgruppa blir rapport til Kviteseid Kommune på hausten. Samt ein rapport til kommunen om kor mange gonger banen er slådda, påfyll av granulat, vege opp antall kilo granulat me får opp i slådden etc. Dette inngår i risikoanalyse systemet til Kviteseid kommune. Det blir lagt ned mange dugnadstimars for å drifte og halde vedlike kunstgrasbanen i løpet av året.

«SLÅDDEGJENGEN» på kunstgrasbanen

Fotballgruppa organiserer «Slåddegjengen» som har ansvaret for slådding, søppel og anna på kunstgrasbanen kvar veke i sesongen. Det er utarbeida rutiner for dette arbeidet.

Desse har også vore med i år: Inge Håvard Jore (leiar), Stian Stykket, Morten Andersen og Roger Steinbakk.

I sumar hadde me igjen djuprens og liming av skøyte på kunstgrasbanen, utført av eksternt firma. Ein må pårekne å bytte grasmatta om 2 til 4 år. Avtale om årleg rens av banen utarbeida saman med Kviteseid Kommune. Under EU-restriksjon vil det frå oktober 2031 bli forbode å bruke granulat på fotballbaner. Etter den tid får ein ikkje kjøpt inn granulat til banen. I løpet av nokre år må KIL og Kviteseid kommune setje seg saman og sjå på alternativ til granulat på kunstgrasbanen.

RENOVERING GRASBANEN - KVITSEID STADION

Haugo Entreprenør AS har i 2024 fortsatt arbeidet med renovering av banen. Noko arbeid står igjen til våren 2025, men me reknar med at banen er speleklar iallfall hausten 2025. (væravhengig våren 2025) Det skal utarbeidas gjødselsplan og vedlikhaldsplan for banen.

Det vil våren 2025 bli montert opp ballfangarnett på kortsidene og mogleg det blir gjort på langsida, dersom me har nok meter til sikkerhetssone frå veg og bane. Dette må avklarast våren 2025. Det er bestilt nye 11-er, 7-er og 5-er mål til banen. Det er forsatt igjen 4 mål som kan selgast våren 2025. Beitepussar er kjøpt inn slik at den som klipper banen også kan ta området rundt i løpet av sesongen.



KLUBBHUSET

I løpet av vår, sumar og haust har fotballgruppas medlemmer, Heidi frå styret i KIL og nokre foreldre beisa klubbhuset og utført øvrig vedlikehald på klubbhuset.

Bilda talar for seg sjølv her.









DUGNADSÅNDEN I KIL

Føresette til spelarar på alle lag som er med i serie, betalar ei årleg treningsavgift eller arbeider inntektsbringande dugnad. Dette for å dekkje utgifter til krets, dommarar, drakter og utstyr. I tillegg deltek foreldre og spelarar med dugnader på banane/klubbhuset for å få drifta til å gå rundt. Fotballgruppa brukar mange «usynlege» timar i året på arbeidet for å organisere frivillig arbeid til beste for born/ungdom, noko som grupper utanfor seriespel også nyttar seg av og har glede av. Ref. investeringar, søknader, etc.

Ei oppfordring og utfordring er at laget framover arbeider med korleis få opp dugnadsanda i alle grupper i KIL. Felles ansvar og fellesskap bør vera viktig for alle for å bygge vidare på og drifte eit velfungerande idrettslag.

TELEMARK FOTBALLKRETS

I løpet av året har det vore både fysiske møte og digitale møte med fotballkretsen som leiar og nestleiar av fotballgruppa har delteke på.

I tillegg har klubbane i Vest- Telemark hatt to møter, eit nyttig forum der me kan lære av kvarandre og saman sjå på kva me kan bli betre på.

SONE OG KRETSLAG

Laga i klubben har fleire spelarar som er med på sonelag.

STYRET I FOTBALLGRUPPA

Styret i fotballgruppa hadde ni møte i løpet av året.

I tillegg hadde fotballgruppa to møter med trenarar og lagleiarar. Eit oppstartmøte og eit evalueringsmøte på hausten.

Legg ut oversikt over kampar på banen kvar veke i sesong



**Kamper på banen
uke 19:**

MÅNDAG 06.05 KL. 17.30 G8
KVITSEID — HJARTDAL

MÅNDAG 06.05 KL. 18.30 J14
KVITSEID 2 — TREUNGEN 2

TYSDAG 07.05 KL. 17.45 J10
KVITSEID — FYRESDAL

TYSDAG 07.05 KL. 18.00 G10
KVITSEID — FYRESDAL

 VEL MØTT! 

Kvart lag organiserer fotballavslutning. KIL bidreg med ein sum pr. spelar.



KRETSMEISTARAR både jenter 14 år og gutar 14 år 9-er og 11-er



Jenter 14 år ble i år kretsmeister i si pulje.





Gutar 14 ár blei også kretsmeisterar i sin pulje 9 er, og i tillegg krestmeisterar i G 14 ár 11-er.





Marianne Nordjore blei klubbmeister som trenar – bilde frå avslutningsmarkering organisert av jentene (kreativ jentegjeng)



Gutar 14 år og jenter 14/15 år deltok på Langsund Cup i november.



Fotballgruppa jobbar med fylgjande saker gjennom året:

- Drakter og utstyr til laga
- Politiattestar på lagleiarar og trenarar.
- Fotballbanane: Grasklypping, vedlikehald av utstyr og merking etc.
- Dugnader på klubbhus, banar, mål, ballfangarnett etc.
- Treningsavgifter og andre dugnader.
- Organisere treningstider inne og ute. Søke på halltider.
- Søke på ulike midlar
- Søknader til fylket
- Møter med kommunen

- Rapportering av vedlikehaldsrutiner til Kviteseid kommune, etter nye rutiner frå Statsforvaltaren. Møter, synfaring og rapportering.
- Vedlikehaldsopplegg av grasbanen og kunstgrasbanen
- Laga har deltake på ulike cupar i Vinje, Høydalsmo og Skien, i tillegg deltek ein del spelarar på fotballskulen i Vrådal.



Vinje Cup



NORWAY CUP

Jenter 15 år, og gutar 14 år deltok i år på Norway Cup. KIL sponsar kvar spelar med eit beløp for å delta på turneringa.

I år gjorde lagleiarar, trenar og foreldre ein ekstrainnsats mot næringslivet for å få sponsa jakker og genserar til dei som skulle på Norway Cup



Jenter 15 år Norway Cup



Gutar 14 år Norway Cup



Langesund Cup, gutar 14 år og jenter 14/15 år November 2024



Jenter 14/15 år deltok på Sparebanken Din Cup i november i år, med lag påmeldt i klassene J13, J14 og J16. Det sistnemnde laget vann si pulje og fekk med seg ein flott pokal heim.



Fotballgruppa ynskjer å TAKKE alle

- Trenarar
- Lagleiarar
- Foreldre og besteforeldre
- Samarbeidspartnerar/Sponsorar
- Kviteseid kommune
- Og alle andre som gjer det mogleg for bygda born, ungdom og vaksne å ha fotballmoro i den fine bygda vår.





SPAREBANKEN SØR

telefiber | VILVØR altibox

KIWI mini pris

 **autostrada**


STRAAND HOTEL


Eikland bygg


Seljordvarme

B
A
L
A
N
Z
E
R
A


Gullsmey
Aabø
Kviteseid

ØTS
Buss-Teknisk Serviceforbedring AS
3600 Kviteseid

HE
HAUGO
ENTREPRENØR

 **Dyrud**
ELEKTRO AS


HELLESTAD
SANDTAK

 **INTERSPORT**
SELJORD

MTM
ANLEGG

Venås-Bygg AS 


Toyota Seljord

ADVOKAT
INGE M. EVJA

 **Kviteseid Rørhandel**

 **Telemark Forsikring**


SKORVE

 **Air Johansen as**
3840 Seljord

 **Stromstad Elektro AS**
3800 Kviteseid • Tlf. 35 95 33 02 • 970 97 05

 **Aasmundsen**
NÆRBAKST


VIKING BYGG AS

 **Seljord Rekneskapservice as**
Rekneskap Løn Fakturering Gjeldssettning Tilgjelding

 **BYGGMAKKER**
Seljord Elektriske

Eikland Maskin AS

Trenarar og lagleiarar i 2024 har vore:

Barnehagelaget

Trenar: Torleif Egeland Bakken

Jenter 8 år

Trenarar: Petter Algerøy

Lagleiar: Ingunn Birkeland

Gutar 8 år

Trenarar: Jon Martin Bjørgum og Henrik Jebsen

Lagleiar : Henrik Jebsen



Jenter 10 år

Trenarar : Robert Mitev og Kari Smeland

Lagleiar : Regine Heimdal



Gutar 10 år

Trenarar: Sondov Botnen, Henning Skarprud og Einar Heggveit

Lagleiar: Renate Meinstad og Joakim W Bentsen

Gutar 12 år

Trenarar: Marius Riis og Vemund Aamot (vår) Ståle Lindheim og
Ragnhild Lie (haust)

Lagleiar: Anette Haugerud



Jenter 12 år

Trenar: Anders Nødland Danielsen

Lagleiar: Hilde Metveit



Jenter 14 år

Trenar: Marianne Nordjore

Lagleiar: Rønnaug Flatin



Gutar 14 år

Trenar: Håvard Sandland og Olav Venås

Lagleiar : Bente Ståland Aamot



Jenter 15 år

Trenarar: Marianne Nordjore, Sarah Rekdal Kvamme og Lars Gunnar Kvamme

Lagleiar: Katrine Samdal Straand



Fotballgruppa, Kviteseid Idrettslag